



Til Kommunane i Hordaland  
Rogaland og Sogn og Fjordane

## Startlån og tilskot - søknads- og rapporteringsfristar for 2016

Husbanken takkar for eit godt samarbeid i 2015 og ser fram til vidare samarbeid i 2016.

I dette brevet informerer vi om neste års moglegheiter for bruk av startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing, søknadsfristar og rutinar knytt til dette.

### Kva må dykk gjere i 2016?

Når kommunen får tildelt startlån og tilskotsmidlar, er dykk forplikta til å rapportere på bruken av desse ordningane. Dersom dette ikkje blir gjort, kan det få konsekvensar for neste års tildeling.

### Viktige fristar og aktiviteter

Aktivitet	Frist
Rapportere utbetaling av startlån, tilskot til etablering og tilpassing	Kontinuerleg
Årsrapportering på bruk av startlån, tilskot til etablering og tilpassing	12.02.2016
Søknad om startlån og tilskot for vidaretildeling	05.02.2016
Innsending av kommunen sine retningslinjer	Berre ved endring

### Kontinuerleg rapportering

Utbetaling av startlån og tilskot til etablering og tilpassing skal rapporterast kontinuerleg gjennom StartSak og StartRap. Dei som ikkje brukar StartSak, skal også rapportere avslag på tilskot til tilpassing etter kvart i StartRap.

### Årsrapportering

I tillegg skal det sendast inn ein samla årsrapport til Husbanken:

- Dei som saksbehandlar i StartSak, sender årsrapportering i StartRap.
- Dei som ikkje saksbehandlar i Husbankens sitt system, sender årsrapportering i StartRap.
- Alle skal rapportere om tapsfondet sin storleik og om avkastning for året i StartRap.

Er du usikker på korleis du skal rapportere i StartRap, finn du informasjon om dette i rettleiaren [HB 7.C.19 – Veileder for rapportering på startlån og tilskudd til tilpassing og etablering»](#).

### Søknad for 2016

Søknad for startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing skal fyllast ut på same søknadsskjema: [HB 7.S.04 \(N\)– Søknad om startlån og tilskot for vidaretildeling](#).

Søknadsskjemaet skal sendast til [post@husbanken.no](mailto:post@husbanken.no).

Dersom søknaden blir sendt per e-post, er det ikkje nødvendig å sende inn papirversjonen. Dersom dykk vel å sende søknaden på papir, så bruk adressa øvst i dette brevet.

## Endring av retningslinjer

Ein del kommunar har eigne retningslinjer for tildeling av startlån og tilskot. Dersom desse blir endra i 2016, må den nye versjonen sendast til Husbanken.

## Kva er nytt i 2016?

### - eSøknad for startlån og tilskot, og ny saksbehandlarløysing

1. februar 2016 lanserer Husbanken ein ny digital søknad for startlån og tilskot.

Sju kommunar skal delta i ein pilotperiode på cirka tre månader, før løysninga blir lansert for alle kommunane. Pilotkommunane er Drammen, Oslo, Bergen, Kristiansand, Stjørdal, Bodø og Hammerfest. Søknaden blir tilgjengeleg på nett og enklare å fylle ut. Dette gir gevinst både for søkerane og kommunane. Det blir òg jobba med eit nytt system for saksbehandling. Dykk vil få meir informasjon om dette i løpet av året som kjem.

## Startlån tildelast i to omganger

Det må søkjast om ønskeleg total låneramme for heile året innan fristen. Det kan unntaksvise søkjast om startlånsmidlar etter fristen. Tildeling føreset då at Husbanken har tilgjengelege midlar. Løyvd beløp blir overført kommunane i to tildelinger:

- Første tildeling består av 70 % av tildelt ramme. Vi har som mål at dette skal vere løyvd til kommunane seinast 1. mars 2016. Dersom alle søkerne fra kommunane totalt overstig Husbankens startlånsramme for 2016, vil vi tildele ein del av det beløpet det er søkt om. Dei som søker om mindre enn 20 millionar får heile beløpet i same tildeling.
- Andre tildeling består av dei resterande 30 % av tildelt ramme. Beløpet skal vere løyvd kommunane seinast 20. september 2016. Vi kontaktar kvar enkelt kommune i førekant for å avklare om dykk treng heile beløpet det er søkt om. Anteke behov kan rekna ut gjennom å sjå på forbruk tidlegere på året, og ved å setje opp eigne prognosar for bruk av startlån resten av året.

## Viktig å vite om startlån og tilskot til etablering

Startlån og tilskot til etablering skal medverke til at husstandar med langvarige bustadfinansieringsproblem skal kunne skaffe seg ein eigna bustad, samt behalde bustaden. Den nasjonale strategien for bustadsosialt arbeid, «**Bolig for velferd**», har særleg fokus på barnefamiliar. Eit av dei nasjonale måla er å hjelpe fleire vanskelegstilte barnefamiliar til å kjøpe sin eigen bustad. Vi minner i samband med dette om at barnefamiliar med omgående behov for ein stabil busituasjon og husstandar som leigar communal bustad, kan få startlån sjølv om dei ikkje har nytta seg av høve til sparing.

Startlån og tilskot til etablering er òg viktige verkemiddel for å busetje flyktningar. Flyktningar som leiger bustad og som har ein stabil økonomisk situasjon, bør få mogelegheit til å kjøpe sin eigen bustad. Flyktningar rekna som vanskelegstilte på bustadmarknaden og skal prioriterast ved tildeling av startlån og tilskot. Fleire husstandar kan bli bustadeigarar gjennom aktiv bruk av startlån og tilskot til etablering. Dette fører til større sirkulasjon i den kommunalt disponerte bustadmassen, slik at fleire bustader blir tilgjengelege og kan nyttast i arbeidet med å busetje flyktningar.

Startlån og tilskot til etablering og tilpassing er viktige verkemiddel for å nå måla i strategien. Tilskotsmidla er avgrensa. Målretta bruk, der verkemidla blir sett i samanheng, er viktig for å nytte

---

seg av potensialet i ordningane. Behovet for tilskot kan til dømes reduserast dersom kommunen tilbyr fast rente og 50-års nedbetalingstid på startlånet. Slik kan den totale tilskotspotten hjelpe fleire vanskelegstilte husstandar.

Husbanken prioriterer dei kommunane som har dei største bustadsosiale utfordringane når vi behandler tilskotssøknader.

Mange kommunar melder om nedgang i tilfelle av samfinansiering med private bankar. Dette har hovudsakleg to årsaker:

- Unge i etableringsfasen med vanleg inntekt, men som manglar eigenkapital, er ikkje lenger i målgruppa for startlån. Generelt sett er unge oppmoda til å spare.
- Ny forskrift om krav til nye utlån med pant i bustad gjer at bankane kan gjere unntak frå eigenkapitalkravet ved samfinansiering med startlån.

Dette gjer at kommunane i større grad vil måtte fullfinansiere bustadkjøp med startlån. Husbanken anbefaler likevel samfinansiering der dette er mogeleg.

### **Viktig å vite om tilskot til tilpassing**

**Tilskotet skal medverke til at personer med behov for tilpassa bustad får nødvendig finansiering til å tilpasse bustaden sin. Det skal også medverke til å auke tilgjengelegheta i bustadmassen.**

Tilskotet kan løvvast til enkeltpersonar med nedsett funksjonsevne, og til eldre som ønskjer å tilpasse bustaden sin, slik at dei fortsatt kan bli buande heime ved framtidig nedsett funksjonsevne.

Fleire eldre og personar med funksjonsnedsetting ønskjer å bu heime i eigen bustad så lenge som mogeleg. Det er god samfunnsøkonomi i å tilrettelegge bustader, og tilskot til tilpassing er eit godt verkemiddel for å få dette til. Auka tilgjenge gir auka sjølvstende og mindre behov for tenester.

Tilskotet kan brukast til alt frå enkle tiltak, som å fjerne tersklar til større ombyggingar, og til tilpassing av både nye og eksisterande bustader. Ordninga er økonomisk behovsprøvd utifrå ein heilskapleg vurdering av husstanden sin økonomi. Det er viktig at kommunen gjer ordninga kjent blant innbyggjarane og blant eigne tilsette. Les meir om tilskotet her: [Rettleiar for tilskot til tilpassing](#).

### **Retningslinjer for vidare tildeling frå kommune**

Tildeling av startlån og tilskot frå kommunar skal skje i samsvar til gjeldande forskrifter og retningslinjer frå Husbanken:

#### **Startlån:**

- «[Forskrift for startlån](#)»
- «[Veileder for startlån](#)»

#### **Tilskot til etablering og tilpassing:**

- «[Retningslinjer om tilskot til etablering i egen bolig](#)»
- «[Retningslinjer om tilskot til tilpassing av bolig, med mer](#)»

### **Middel til tapsfond?**

Tapsfond skal sikre kommunen mot økonomiske tap på startlån. Etter søknad frå kommunen kan Husbanken unntaksvis gjeva løye til søknad om å setje av tildelt tilskot til etablering i tapsfond.

---

Kommunar som ikkje mottek tilskotssmidlar i 2016, kan òg søkje om å få setje av midlar i tapsfond. Søknad om dette kan sendast til det regionale kontoret i Husbanken. Det er ikkje utarbeidd eige søknadsskjema for denne ordninga.

Meir informasjon i [Retningslinjer om tapsdeling, tapsfond og administrering av startlån](#).

## **Utbetaling**

Tilskot blir utbetalt kontinuerleg etter tildelinga. Startlån blir utbetalt etter at Husbanken har motteke underskrive låneavtale, kommunestyrevedtak og eventuelt fylkesmannen sin godkjenning.

## **Kunngjering**

Ordninga skal kunngjerast i lokalavisar og på kommunen sine nettsider, slik at dei blir gjort kjent for kommunen sine innbyggjarar. Dette gjeld òg startlån, slik at denne ordninga blir betre kjent.

Helsing  
HUSBANKEN VEST

-

-